

Kjære musikk og friluftslivelev!

Gratulerer med valet og plassen ved Voss folkehøgskule for skuleåret 2023-2024!

I dette brevet får du litt praktisk informasjon slik at du på ein best mogleg måte kan førebu deg til året og opplevingane som kjem!



Året på Voss varer i ni månader, frå slutten av august til midten av mai. Linjefag utgjer dei fleste timane, vi har i tillegg valfag og fellesfag, linjeveker, prosjekt og reiser. På folkehøgskule får du lære mykje meir enn fag. Du skal lære å arbeide og leve saman med andre. Det faglege og det sosiale går hand i hand med menneskeleg utvikling. Du lærer deg sjølv å kjenne i møte med andre. Her er det ikkje karakterar – men din karakter som tel. Dei fleste som har gått på folkehøgskule seier at det var eit av dei beste åra dei har hatt. Det håpar me du òg kan sei om eit år!

På musikkdelen kan du sjølv vera med på å forme mykje av innhaldet. Me kjem til å lære mykje saman- i samspel, samklang og i fellesskap. Difor er ikkje dei praktiske ferdighetane dine det viktigaste, men at du kjem med eit ope sinn, ei positiv og inkluderande haldning og er klar til å jobba med musikk på ulike måtar. Slik vil det liggje til rette for å skapa musikkglede! Noko av undervisninga vil være i studio og MacLab`en vil avhenge av å ha eit par gode hovudtelefonar. Me har nokre på linja, men det kan vera kjekt å ha sine egne.

Musikk vil utgjere om lag halvparten av linjetimane og friluftsliv utgjer den andre halvparten.

På Voss og i nærleiken er det mykje fantastisk natur å oppleve. Me legg opp til aktivitetar av ulike slag. Alt frå den klassiske fotturen til rafting. Me vil ha hytteturar, båtturar og skiturar. Det blir også fleire dagar i alpinsenteret som er i gangavstand frå skulen. Gjennom turane vil alle få praktisk opplæring i ting som er nyttig å kunne for å klare seg i naturen. Noko av det viktigaste er likevel å få fine opplevingar i lag med venene sine. Me vil utforske sjø, skog og fjell, og vi vil gjere det i hovudsak på barmark før jul og på snø etter jul. Me ynskjer at friluftslivet skal gi varige minne.

Musikk og friluftsliv reiser på utlandstur med interrail i november 2023. Ein tur for gode musikalske, sosiale og kulturelle opplevingar. Dette kjem til å bli ein tur du vil hugse, der du

sjølv er med på å forme innhaldet. Det er viktig at du tek med deg gyldig pass og europeiske helsetrygdekort:

<https://www.politiet.no/tjenester/pass/ut-a-reise/> . <https://www.helsenorge.no/turist-i-utlandet/europeisk-helsetrygdkort/>



Her er ei lita hugseliste med ting det er fint om du tek med deg, viss du har:

Instrument (+ evt. forsterkar osv.)

Berbar PC

Gode hovudtelefonar

Skrivesaker og notatblokk

Gyldig pass

Sovepose, liggeunderlag og varme klede

Turklede og sko

Treningsklede, joggesko,
og innesko

Ryggsekk (65 liter og oppover), dagstursekk (ca 30 liter)

Drikkeflaske

Solbriller

Førstehjelpssaker

Skiutstyr (Dette treng du tidlegast i desember. Etter jul må det vere på plass. Du treng ski til fjellbruk og til bakkebruk. Ein randonee kan løyse begge behov, men kostar gjerne mykje).

Har du spørsmål eller lurar på noko, må du ikkje nøle med å ta kontakt, enten på e-post post@voss.fhs.no eller ringe på tlf. 56529040.

Du kan og kontakte lærarane direkte.

Spørsmål om musikk: Bjørnar på bjornar.tveite@voss.fhs.no tlf.: 95756656

Spørsmål om friluftsliv: Jon på jon.grendahl@voss.fhs.no tlf.: 415 08 821

Med ynskje om ein god sumar! Hjarteleg velkomen til hausten!

Venleg helsing

Musikk og friluftsliv, ved lærar Jon Grendahl og Bjørnar Kaldefoss Tveite